

# Tilskot til kulturminne i Hordaland 2019

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske  
kulturminne (BARK)



Søknad om tilskot om midler gjennom Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2019 (saksnr: 2018/13165).

	Søkjar	Prosjekt-namn	Om prosjektet (ifølgje søker)	Totale utgifter	Omsøkt	Tilråding	Grunngjenving
1	Bergen kommune	Vollane	Skilt om kulturminna i området.	50.000,-	25.000,-	25.000,-	Friområde med mange funn, låg kostnad, stort formidlingspotensiale
2	Vaksdal kommune	Skips-hellaren	Oppgradering tilrettelegging. 3 skilt som fortel om korleis området kring hellaren skal brukast	23.000,-	11.500,-	11,500,-	Svært velfungerande tilrettelegging, låg kostnad. Ikke andre tilrettelagte kulturminne
3	Sund kommune	Skaganeset og kvalvågen	Skilt om kvalfangsthistoria, rydding av sti til utsiktsplass	110.000,-	50.000,-	50.000,-	Siste fase av pågående prosjekt. Prioritert kulturminne. Ikke andre tilrettelagte kulturminne i kommunen.
4	Vikebygdkrinsen, Ullensvang	Aganeset	Tilrettelegging kulturløype med skilt	203.400,-	25.000,-	25.000,-	Folkehelse. Samanheng med Aga. Kommunalt prioritert. Låg sum, stort formidlingspotensiale
5	Granvin kommune	Kulturminne på Seim	Skilt om kulturminna i området	50.000,-	25.000,-	25.000,-	Lett tilgjengeleg, mange funn. Kommunalt prioritert. låg kostnad, stort formidlingspotensiale
6	Lekve og Syses grunneigarlagn	Nordmann slepa Ulvik	Restaurering utrasatrse, skilting/merking	50.000,-	25.000,-	25.000,-	Folkehelse, lokalt engasjement, prioritert av kommunen.
SUM						161.500,-	

Framsidebilde: Funn frå gravhaug på Vollane, Bergen. Foto: Universitetsmuseet i Bergen

## *Skilting av kulturminne på Vollane, Bergen kommune*

---

**Søkjar:** Bergen kommune

**Prosjektkostnad:** 50.000,-

**Søknadssum:** 25.000,-

**Tilråding:** Tilråding om tilsegn kr 25.000,-.

---

### **Kulturminneområdet**

Vollane er eit rikt kulturminneområde der det er gjort ei rekke spennande funn. I 1836 vart det fjerna ein gravhaug her. Det har vore fleire gravhaugar i området, og det er kjent ei rekke funn frå haugane, mellom anna gullring, sverd, spydspissar, øks, bronsespenne, med meir. Her vart seinare funne ein bautastein med innrissa runer frå det eldre runealfabetet. Det har truleg lagt eit gravfelt her, og det er dokumentert fleire aktivitetar som kan knytast til fleire periodar frå yngre steinalder og til utgongen av romartid. Området har vore bruk til dyrking og rituelle aktivitetar, og har truleg hatt størst bruk i romartid. I dag er heile området freda etter kulturminnelova.

### **Prosjektet**

Området er eigd av Bergen kommune, og er tilrettelagt som offentleg badeplass og friområde. Dei rike funna i området er spennande, men truleg lite kjent for brukarane. Funna har stort formidlingspotensiale og Bergen kommune ynskjer å setje opp eit skilt som fortel om kulturminna for brukarane av området. Ettersom dette området er så mykje bruk vil informasjonen formidla her nå eit stort publikum. Heile området er freda og det er ikkje lov å grava i bakken. Formidling av informasjon om dette og om kvifor det er slik vil òg vera med på å sikra kulturminna betre vern.

### **Vurdering**

- Området er mykje brukt og prosjektet har stort formidlingspotensiale
- Tiltaket er initiert og prioritert av kommunen
- Prosjektet vil gje ein ny og spennande dimensjon til friområdet
- Prosjektet vil gje betre vern til kulturminna i området gjennom å formidla informasjon til brukarane og slik sikra at folk tar omsyn
- Skilt vert sett opp ved parkeringsplass og vert slik tilgjengeleg for alle.

## *Oppgradering av tilrettelegging av området kring Skipshelleren, Vaksdal kommune*

---

**Søkjar:** Vaksdal kommune

**Prosjektkostnad:** 23.000,-

**Søknadssum:** 11.500,-

**Tilråding:** Tilråding om tilsegn kr 11.500,-.

---

### **Kulturminnet**

Skipshelleren er ein stor heller. Golvet er omlag 30m langt og største avstand til dråpefallet er omlag 17 meter. Den ligg i dag kring 60 meter frå sjøen. Helleren vart utgraven i 1930/31 og det vart då avdekka 7 kulturlag som viser at helleren var i bruk i eldre og yngre steinalder, gjennom bronsealder og opp i jernalderen til kring 600 e.Kr. Det vart funne eit særleg stort beinmateriale under utgravingane, og ein har difor god kjennskap til kva som trekte folk til staden. Her er restar av bein frå eit stort tal arter, men nokre få stor fram som dei viktigaste. Folk i helleren var fyrt og fremst hjortejegerar, men dei jakta òg på villsvin, bjørn og elg. Dei fanga sel, eter og mår, dreiv fuglefant på tiur og orrfugl, og nytta plantar, frukt og bær.

Området ved helleren er tilrettelagt for vitjande med mellom anna grindbygg, toalett og brygge ved sjøen, formidlingsopplegg for skular med guide om sumaren, og aktivitetar i området.

### **Prosjektet**

Skipshelleren er allereie tilrettelagt for vitjande av Vaksdal kommune. Tilrettelegginga er omfattande og svært effektiv, og området er mykje nytta. Det omsøkte tiltaket er knytt til opprusting av den eksisterande tilrettelegginga. Det er allereie vel fungerande skilt som fortel om sjølve kulturminnet. Tilskotet vil verte nytta til ny skilting med informasjon om korleis området skal nyttast.

### **Vurdering**

- Tiltaket er ei opprusting av eksisterande tilrettelegging
- Kulturminnet har stort formidlingspotensiale
- Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen
- Det er universell tilkomst til delar av området
- Skipshelleren er det prioriterte kulturminnet i Vaksdal kommune

## *Vidareføring av tilretteleggingsprosjekt i Kvalvågen, Sund kommune*

---

**Søkjar:** Sund kommune

**Prosjektkostnad:** 110.000,-

**Søknadssum:** 50.000,-

**Tilråding:** Tilråding om tilsegn kr 50.000,-.

---

### **Kulturminnet**

Kvalvågen er eit område i Sund kommune med rik historie. Her er det ei rekke steinalderbuplassar, og det er kulturminne frå nyare tid knytt til kvalfangst. Kvalfangst er ein gammal næringsveg i området, og aktiviteten går attende til mellomalder og har halde fram til nyare tid. Det er fysiske spor etter opptrekk av kval i form av ein voll kalla kvalvollen. Historiske kjelder fortel at denne vart nytta fram til 1887. Det er godt fiske i vågen, og dette har vorte utnytta frå steinalder og opp til våre dagar. Området har slik stor tidsdjupne, og er veleigna for formidling av ressursutnytting og bruk av landskapet gjennom fleire tusen år.

### **Prosjektet**

Sund kommune søker om midlar til ferdigstilling av eit prosjekt for tilrettelegging av området som vart starta opp i 2017 og tildelt midlar i 2017 og 2018. Tidlegare er det tilrettelagt stiar i området, og det er satt opp to informasjonstavler som fortel om steinalderfunna i området. Sund kommune vil no ferdigstilla prosjektet ved å setje opp ei informasjonstavle som fortel om kvalfangsthistoria i området, og å rydda og merka tilkomst til ein utkikksplass der ein får utsikt over kvalvågen.

### **Vurdering**

- Tiltaket er initiert og prioritert av kommunen
- Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen
- Kvaliteter innan universell utforming gjennom bruk av web applikasjon med lydfiler og film
- Prosjektet er sterkt forankra lokalt, både lokalpolitisk, administrativt, og hjå lokale lag og verksemder
- Prosjektet har stort formidlingspotensial, og kvalitetar innan folkehelse. Skilt og utkikksplass som fortel om kvalfangsthistoria vil trekkja lange tidslinjer i området og visa til fangst og fiske frå steinalder til nyare tid

## *Kulturløype på Aganeset, Ullensvang herad*

---

**Søkjar:** Bygdelaget Vikebygdkrinsen

**Prosjektkostnad:** 203.400,-

**Søknadssum:** 25.000,-

**Tilråding:** Tilråding om tilsegn kr 25.000,-.

---

### **Kulturminnet**

På Aganeset ligg det fleire kulturminne frå forhistorisk tid. Då parkeringsplassen der løypa skal starta vart etablert vart det gjort ei arkeologisk utgraving her. Det vart då funne kokegroper, ovnsanlegg, stolpehol, grøfter og dyrkingslag med dateringar frå siste del av steinalder, gjennom bronsealder og frå jernalder, vel 3000 år. Stien skal så passera gravrøyser frå bronsealderen, før den kjem til den gamle vikingtids/mellomalderhamna til Aga. Her var òg eit gravfelt frå jernalderen. Stien går så til «klokkestenein», ein stein som har ein særskild klang når ein slår på den. Steinene er full av groper. I området elles er det gravhaug og bergkunst som òg vil verte tatt med i formidlinga. Langs løypa passerer ein òg ein dam som ikkje vert tørr, og som difor har rikt liv under vassflata. Her vil det òg verte sett opp eit skilt som fortel noko om kva dyr som lever i dammen.

### **Prosjektet**

Bygdelaget Vikebygdkrinsen vil ta vare på og skapa merksemrd om kulturminna, og leggja til rette for oppleveling og skapa interesse. Ei kulturløype er òg eit turtilbod eigna til å fremja folkehelse, og ved å skapa merksemrd og interesse for kulturminna vil ein òg ta betre vare på dei. Det skal merkast ei løype i terrenget frå parkeringsplassen til Agatunet. Det skal formidlast ikkje berre kulturminna i terrenget, men òg flora/fauna og funn gjort under arkeologiske utgravingar på parkeringsplassen. Prosjektet ser kulturminne i samanheng med turgåing, og vil synleggjera kulturminna for brukarar av området. Prosjektet må sjåast i samanheng med Agatunet, og vil trekke lange linjer som vil synleggjera tidsdjupna i landskapet.

### **Vurdering**

- Kulturminnet har stort formidlingspotensiale
- Tiltaket må sjåast i samanheng med formidling av Agatunet og opplevelinga av området
- Delar av formidlinga kan verte universelt tilgjengeleg
- Prosjektet har kvalitetar innan folkehelse
- Tiltaket er på prioriteringslista til kommunen, og kommunen er positive til prosjektet
- Tiltaket har stort lokalt engasjement

**Søkjar:** Granvin herad

**Prosjektkostnad:** 50.000,-

**Søknadssum:** 25.000,-

**Tilråding:** Tilråding om tilsegn kr 25.000,-

---

### **Kulturminnet**

På Seim i Granvin er det gjennomført store utgravingar og det er gjort ei rekke funn. Her vart funne stolpehol etter hus, spor etter gravhaugar og forhistoriske dyrkingslag, kokegropar, og mykje meir. Funna er frå bronsealder, jernalder og mellomalder. Fleire av lokalitetane er utgravne men nokre av kulturminna ligg framleis intakt i landskapet. Det er mykje informasjon å formidla til vitjande.

### **Prosjektet**

Etter at omlegging av vegen gjennom Øvre Granvin er ferdigstilt er det etablert ein parkeringsplass mellom Tunsberg- og Jobergtunnelen. Her står det frå før to informasjonstavler sett opp av Statens Naturopsyn som fortel om naturreservat i området. På same stad ynskjer Granvin herad å setja opp ei informasjonstavle som fortel om kulturminna som er registrert i området på Seim. Tavla skal vera 70x100cm og lagast i Hordaland fylkeskommune sin mal for kulturminneskilt.

### **Vurdering**

- Det er gjort mange funn i området og prosjektet har stort formidlingspotensiale
- Tavla vil vera tilgjengeleg for alle
- Tiltaket er initiert og prioritert av kommunen
- Tiltaket har låg kostnad og vil vera tilgjengeleg for eit stort publikum

**Søkjær:** Lekve og Syse grunneigarlag

**Prosjektkostnad:** 50.000,-

**Søknadssum:** 25.000,-

**Tilråding:** Tilråding om tilsegn kr 25.000,-

---

### **Kulturminnet**

Kulturminnet er ein del av Nordmannsslepa som strekkjer seg ned forbi Lekve og Syse i Ulvik og til fjorden. Stien er delvis opparbeidd med trapper og murar, og er ein ferdsleveg med høg alder som vitnar om bruk av landskapet gjennom lang tid.

### **Prosjektet**

Stien er ein gammal ferdsleveg som no er slitt. Delar av stien er mura opp med trapper i stein, og desse trappene er glidd ut og er därlege. Prosjektet vil fokusera på restaurering av dei gamle trappene for å sikra at vegfaret kan brukast og slik verte halde i hevd. Prosjektet inkluderer òg skilting for å informera brukarar om ferdslevegen og dei andre kulturminna i området.

### **Vurdering**

- Ferdslevegar har best vern gjennom bruk. Restaurering av trapper og anna er viktig for å sikra at stien er brukande
- Tiltaket er prioritert av kommunen
- Det er ikkje andre tilrettelagte kulturminne i kommunen
- Tiltaket har kvalitetar innan folkehelse
- Tiltaket har stort lokalt engasjement